

Systrene Nilsen med sesongopning

05.06.2011



Systrene Nilsen har sist veke opna sommarsesongen - 2 veker tidlegare enn opprinnelig bestemt.

**Det rusla igang onsdagskvelden og torsdag vart den første skaldyraften avvikla med lite besøk.
Den er fast post på torsdagane sesongen igjennom.**

Fast post er og levande musikk og trubaduren Terje Sager fekk i går kveld og natt æra for å vera først ute. Han skal også runda av sesongen i august.

Både trubaduren og dei bak disken fekk erfare at det ikkje er så lett å konkurrera med TV når Noregs landslag i fotball spelar mot Portugal. Men etter kvart kom det 70-80 gjestar og drivar Morten Nilsen var godt fornøgd med det.

Neste desiderte høgdepunkt og ein stor kveld for jazzelskarar blir på laurdag som kjem. Då skal Aktivitetsdagen rundast av med Rosendal og Omland Jazzverk som vil ha eit sterkt lokalt innslag.

Men bileta over og under er henta frå denne laurdagen. Trubadur Terje Sager tek over ei pause saman med drivar Morten Nilsen. Under tappar Karoline Nesiøn øl saman med Sara Haugland.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

